



Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Møtestad: Stardalen

Dato: 03.10.2023

Tidspunkt: 14:00 - 16:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Medlem	Sunnfjord kommune
Vibeke Johnsen	Medlem	Sogndal kommune
Ivar Kvalen	Leiar	Luster kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kari Synnøve Muri	Nestleiar	Stryn kommune
Helge Stormoen	Medlem	Vestland fylkeskommune
Mariel Eikeset Koren	Medlem	Gloppen kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Per Rune Vereide møtte som vara for Mariel Eikeset Koren.

Anne Rudsengen SNO var og med på møtet.

Før styremøtet var det møte i fagleg rådgjevande utval der styret tok del.

Andre frammøtte:

Namn

Trygve Snøtun

Tor Arne Hauge

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ivar Kvalen

Per Rune Vereide

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 31/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 32/23	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 33/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om tiltak - Vetledalsseter, Erdalen og Strynekåpa - Indre Nordfjord Turlag		2023/14573
ST 34/23	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 3/23	Oppfølging av forslag til skjøtselsplan for Bødalen - møte og synfaring på Bødalsetra torsdag 5.oktober		2023/14090
RS 4/23	Innspel frå Skålastilaget - Behov for tiltak på Skålastien hausten 2023		2022/16335
ST 35/23	Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om godkjenning av stiplan for turstien i Austerdalen - Veitastrond - 2023 - Luster Turlag		2023/14777

Orienteringssaker

1. Oppsummering av dialogmøte
2. Status tiltaksplan pr 1/10-2023
3. Frivilligarbeid i nasjonalparker
4. Skjøtselsplan Bødalen
5. Økonomi
6. Mediesaker sidan sist

ST 31/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 03.10.2023

Handsaming i møte

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Samrøystes vedteke.

ST 32/23 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 03.10.2023

Handsaming i møte

Ivar Kvalen føreslo Per Rune Vereide til å signere protokollen i lag med styreleiar.

Vedtak

Per Rune Vereide vert vald til å signere møteprotokollen i lag med styreleiar.

Samrøystes vedteke.

ST 33/23 Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om tiltak - Vetledalsseter, Erdalen og Strynekåpa - Indre Nordfjord Turlag

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 03.10.2023

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3, første ledd, Indre Nordfjord Turlag (INT) løyve til følgjande på hytta på Vetledalsseter:

- Vindauga i kjellaretasjen kan erstattast med eit vindauga i tilsvarende storleik, anten i same utforming som tidlegare eller med same utforming som vindauga i resten av bygget.
- Karmane kring dør i kjellaretasjen kan skiftast ut med tilsvarende treverk. Døra kan skiftast ut om naudsynt, men skal ha same storleik og utsjånad som i dag.
- INT kan leggje til stein i sørvendt krok av hytta. Stein kan takast kring hytta. Det skal ikkje tilførast betong eller anna materiale som ikkje naturleg er på Vetledalsseter.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3, tredje og fjerde ledd, Indre Nordfjord Turlag (INT) løyve til følgjande på stien frå Vetledalsseter til Infimus:

- Sette opp eit retningsskilt rett aust for brua ved Kyrkjene, søraust for Vetledalsseter.
- Klopplegge våte partier på begge sider av brua ved Kyrkjene, totalt kring 60 meter. Det skal ikkje nyttast trykkimpregnert materiale, men heller naturleg bestandig trevirke som til dømes kjerneved av furu eller douglasgran.

-Bygge opptil 4 trinn med stadeigen stein ved utfordrande svaberg ved Ulvestegen. Det er ikkje tillate å bolte dette fast i berget eller nytte t.d. betong.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3, fjerde ledd, Indre Nordfjord Turlag (INT) løyve til følgjande mellom Infimus og Strynekåpa:

- Oppsetting av inntil 6 nye vardar med maksimal høgde på 50 cm.
- Inntil 3 vardar totalt kan ha ei høgde på 70 cm.
- Det skal ikkje merkast med maling eller skilt.
- Det skal ikkje settast opp varde nærare stien til Infimus enn det som er i dag. I dag er det kring 170 meter i luftlinje frå stien til første varden.

Samrøystes vedteke.

ST 34/23 Orienterings- drøftings- og referatsaker

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 03.10.2023

Handsaming i møte

Sekretariatet orienterte om følgjande saker i møtet:

1. Oppsummering av dialogmøte
2. Status tiltaksplan pr 1/10-2023
3. Frivilligarbeid i nasjonalparkar
4. Skjøtselsplan Bødalen
5. Økonomi
6. Mediesaker sidan sist

Vedtak

Styret tok orienteringane til vitande.

ST 35/23 Jostedalsbreen nasjonalpark - Søknad om godkjenning av stiplan for turstien i Austerdalen - Veitastrond - 2023 - Luster Turlag

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 03.10.2023

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, i medhald av verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark kapittel IV, punkt 1.3, tredje og fjerde ledd, Luster Turlag løyve til å legge til rette og merke sti mellom Tungestølen og Austerdalsbreen i samsvar med «Plan for turstien i Austerdalen» utarbeida av Jørgen Hundseth, 2022.

Løyve blir gjeven med følgjande vilkår:

- Nasjonalparkforvaltarar skal varslast før tiltak startar.
- Før tiltak kring moreneryggar i Austerdalen startar, skal Luster Turlag og forvaltinga gjennomføre ei synfaring for nærare avklaringar om traséval og gjennomføring av tiltak.

Løyve er berre gitt etter verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark. Minner om at tiltak også må godkjennast av Luster kommune og grunneigarar.

Dette løyvet gjeld ikkje for motorisert ferdsel i verneområdet. Dette må søkjast om dersom det er aktuelt.

Samrøystes vedteke.